

KYRKJEBLAD

62. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2008

Andakt Side 3

Slekters gang Side 11

Gudstenesteliste Side 12



Kyrkjejubileum på Nesheim

Side 5

Misjonærane

Kjartan og Elisabeth Gullbrå har
kome heim frå Nepal

Side 6 og 7

Friluftsgudstenester

Kyrkja har verkeleg flytta ut i Guds natur i
sommar!

Side 9

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20
Faks 56 59 39 29
E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00
onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
Faks 85 02 45 70
E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn
Tlf. kontor 56 59 39 20
Mobiltlf. 90 19 65 14
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
E-post: fkv@broadpark.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@online.no

Organist i Eksingedalen og Eidsland Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26
Mobiltlf. 95 22 84 47

Telefon til soknerådsleiarar

Stamnes: Odd Helland, 56 59 81 33
Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12
Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjebladet

Merksame lesarar av kyrkjebladet vil denne gongen sjå at utforminga av bladet er kome i nye hender. Wenche Horvei er tilsett som formgjevar til bladet, og det er me svært nøgd med. Wenche har lang erfaring frå arbeidet i VaksdalPosten. Me ser fram til det vidare samarbeidet!



Wenche Horvei.

Det er meiningsa at Kyrkjebladet no skal koma ut tre gonger om hausten, og tre om våren. Eventuell auke i bladpengane har ikkje vore drøfta i fellesrådet enno. Fleire utgåver kostar meir. Det vert teke kontakt med annonsørar for nye avtalar om lysing i bladet, og me håper at det finst verksemder og privatpersonar som kan tenkje seg å støtte bladet økonomisk.

Lønsoppgjerset

Lønsoppgjerset for kyrkjeleg tilsette er ferdig. Årsløna i heil stilling for klokkarar og kyrkjeteravarar er på kr 280.000,-, som er ein auke på kr 19.200,- det er lagt inn auke på endå 10.000,- til for dei som har meir enn 16 års arbeidserfaring. Fagarbeidarløna er på kr 306.000,- Denne stillinga er ledig, sjå lysinga på side 9.

Forlenging av feste

Det er sett ei grense for kor mange år ein kan ta vare på ei grav. I Vaksdal kommune er grensa 70 år. Det er likevel høve til å søkje om å få behalde ei gamal grav ut over denne perioden. Kyrkjegardsvedtekten seier at ein må søkja til kyrkjeleg fellesråd v/ kyrkjeverja om å få forlenga festetida etter at ei grav er 70 år. Ein vil i så fall få løyve til å feste grava i 10 år til, om grunngjevinga er god. Det vert lagt vekt på om grava er stelt og har eit gravminne som er i god stand.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfrift.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, Boks 34, 5604 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.


Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. oktober

Ta imot velsigninga

Vigelandsparken i Oslo er verdt ei vitjing! Gustav Vigeland heiter kunstnaren som står bak skulpturane i parken. Dei mest kjende skulpturane er nok Sinnataggen og Monolitten, men det er over 200 kunstverk der, så det gjeld å ha god tid når en er der. Då eg var der for ei tid attende, hadde eg ei god oppleving, då eg rusla rundt i parken og såg figurane. Ein av dei stoppa eg særskild ved, den du ser på biletet. Skulpturane har nok sine eigne namn, men for meg vart denne heitande «Velsigning». Heller ikkje veit eg kva kunstnaren sitt motiv eigentleg var, eller kva han såg i skulpturen. Eg såg ei eldre kvinne som ga ei yngre kvinne si velsigning, og i den velsigninga så og seie overførte all si gode kunnskap og livserfaring til den andre. I den ligg det mellom anna både kjærleik og respekt, og ynskje om at den andre måtte få eit godt liv.

Finnst det noko betre me kan gje eit anna menneske? Det hender nokon ber om å få gjere eller seie noko, og svaret er ”Ja, velsigne deg!” Og me talar framleis om å få nokon si velsigning når nokon vil gifte seg. Om dette berre er eit munnehell, og ikkje er sagt med kjærleik, har det nok ikkje så mykje verdi for oss. Men det er godt å kjenne at me gjennom ei velsigning får hjelpe og styrke til det me har framføre oss.

Kor godt er det ikkje då å få Guds velsigning! På den eine sida er ikkje dette noko me kan krevje, som ei blan-kofullmakt til å gjere nett som me vil. Og ei velesigning kan nok misbrukast, anten ho kjem frå menneske eller Gud. På den andre sida er det å leve i Guds velsigning noko som gjev livet ein rikdom som me ikkje finn andre stader. Det gjev livet retning og mål, og det set livet vårt inn i eit rett tilhøve til både Gud og mennesker. Ser me etter, trur eg me vil finne at Guds velsigning er og har vore med oss meir enn me skjønar. Det gjev oss grunn til å vere takksame og glade!



I gudstenesta og kyrkjelege handlingar elles har velsigninga sin plass i slutten av det som skjer. Somme kan kjenne det som gudsteneste sitt høgdepunkt, når ein får med seg Guds velsigning på veg ut og vidare i livet. Små born vert velsigna under nattverden, når dei er for små til å ta imot brød og vin. Som oftast vert velsigninga som er kalla den aronittiske velsigning nyitta. Den sa Gud til Moses at han skulle lære til Aron, og han skulle nyttast då Guds folk skulle velsignast:

Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred!

4. Mos 6, 24

Så: Ta imot velsigninga!

*Med venleg helsing
Frode Kvamsøe*

Prolog i høve Eksingedalen kyrkje sitt 125-årsjubileum

Hilde Brønstad skreiv prolog til kyrkjejubileet på Flatekval, og las det sjølv opp på festen på Ljosheim. Takk til Hilde for prologen, og for at Kyrkjebladet får trykke han!

1. Og vi er alle samla her i lag.
Eit jubileum så stort og bra,
Skal me feira i dag, og alle er fornøyd og gla'.
2. Det var i 1883,
At siste murstein vart lagt ned.
Så på Flatekval står det i vår,
Ei kyrkje som fyller 125 år.
3. Arbeidsfolka var mange,
Dagane var lange.
Sjølv om lønna var låg,
Var det etterkvart stor framgang dei såg.
4. Anders J. Lavik var ein mann av respekt,
Det var han som tok på seg murarbeidet,
og gjorde dette perfekt.
Han hadde sterkt vilje, og stort mot,
Det var på den tida kyrkja for alvor skulle slå rot.
5. Det stod før i tida på Flatekval eit kapell,
Men i 1883, måtte dette ta farvel.
På Flatekval hadde det sidan 1626 stått,
Og fram til ei ny kyrkje skulle byggjast så flott.
6. Under bygginga av kyrkja var det ulike kostnadars, faktisk,
Så planlegginga var stor,
og folka på gardane måtte tenke praktisk.
Materiala som vart brukt kom frå ulike gardar nedst i dalen,
Fraktinga til Flatekval gjekk fint,
Og prisen var slett ikkje galen.
7. Alle materialane vart frakta for hånd, eller hest,
Det var det som var einaste moglegheit, og det som funka best.
Det einaste dei ikkje kom seg heimatt med,
Var ei kanne sinkkvitt, som for gjennom isen, ned.
8. Alle problem vart løyst utan vanskar,
Utanom tårnet, som seinare måtte settjast på med silkehanskar.
Ikkje før i 1928 kom dagens tårn på,
Og kyrkja var heilt ferdig,
Og kunne fint brukast då.
9. Ved 50 års jubileet i 1933,
Skreiv Johan Lavik nokre linjer som svingte,
Om korleis det gjekk føre seg på Flatekval
Då kyrkjeklokka ringte.
Det var den årlege preika, syftesok som fekk folket til å
strøyme på,
Til Flatekval kom dei, både store og små.
10. Gjennom mange, mange år,
Har vihatt ei kyrkje,
Som framleis står,
Og sjølv om det har vorte forandringer opp
gjennom tidene,
Med nytt orgel og sakrasti,
Er kyrkja framleis den samme gamle,
Med alter og galleri.
11. Det er ei stor glede å stå her i dag,
Og sjå alle som er samla til eit festleg lag.
Tillukka med kyrkja vår,
For ho fyller heile 125 år.



Hilde Brønstad les prologen ho skreiv i høve Eksingedalen kyrkje sitt 125-årsjubileum.

Foto: Magnar Nese

Hilde Brønstad

Jubileumshelg på Nesheim 13. og 14. september

Når folk på dei øvste gardane i Eksingedalen skulle føra dei nyfødde til dåp, dei snart vaksne til konfirmasjon, ektefolk til vigslle, eller dei døde til den siste kvila, var det vegen over mest 1000 meter høge fjell dei måtte bruka, sommar som vinter. For dei fleste gjekk kyrkjeferda over Teidalsfjellet til Brekkhus og ned til Evanger, for dei frå dei gardane som låg lengst oppe heilt til kyrkje på Vossestranda.

Draumen om å få si eiga kyrkja var varm og levande. I 1908 gjekk kyrkjeferda til den vakre, kvitmåla kyrkja på slettelandet midt på Nesheim. Kyrkje hadde det vorte i alle fall, så sterkt var trua og så levande var draumen. Men då den utvandra husmannsguten Gulleik


Larson Trefall kom heim til dalen med 2000 kroner med seg, då kom vona også. Dei kronene var nok til å dekka fjerdedelen av det kyrkja

ville kosta, men mykje eigen-innsats måtte til.


Hundre år er gått sidan vigslinga i september 1908. Nesheimkyrkja er i dag som

den gongen samlingsstaden og det som bind den vesle bygda saman.

(Fra omslaget til jubileumsboka *Kyrkja i Dalen*).



Frå omslaget til jubileumsboka
KYRKJA I DALEN.



Biskop Hagesæther kjem til Nesheim kyrkje.



Laurdag 13. september kl. 16.00

Konsert med **Bjarte Leithaug** og born frå Eksingedalen, Bjarte si dotter Astrid og born frå barnekora i kommunen. Kollekt ved utgangen.

Sundag 14. september kl. 11.00 Jubileumsgudsteneste

Med biskop Ole D. Hagesæther, fung. prost Ivar Molde, tidlegare og noverande prestar. Organist Asbjørn Nese, kantorane Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf, Mari O. Trefall, fiolin, Børge Styve, trompet. Song av borna. Jubileumsoffer.

Sundag 14. september Fest på skulen etter gudstenesta

Variert program
Rjomegraut, spekemat, kaffi og kaker.
Presentasjon og sal av jubileumsboka.
Utstilling.
Barneparkering for dei minste.
Kr 50,- pr. pers. (over 16 år).



Huset i Kathmandu.

Familien Gullbrå er attende frå Nepal

*D*et har blitt som
å slå av ein
brytar, brått bur me
no i Noreg.

Kjartan Gullbrå

I sommar kom Kjartan, Elisabeth og dei tre borna Ole-Johan (7), Ingrid Marie (5) og Eivind (3) frå Prakash til Vaksdal for godt. «For godt» vil for deira del seie den nærmaste framtida, for lysta til å bu under andre himmelstrøk har dei framleis. Og kjærleiken til Nepal har dei med seg til Vaksdal, så kan hende dreg dei attende om tilhøva legg seg til rette?

Det er fem år sidan familien på fire drog til Nepal for fyrste gong, og busette seg i Kathmandu. Sidan har familien vakse til fem, og kvar sommar har dei vore kor-tare eller lengre tid i Noreg. Men 1. juli drog dei for fyrste gong på lenge frå Nepal utan å tenke på snarleg retur.

Familien er no midt i ei hektisk husbygging. Det vil seie: Dei byggjer om og utvidar huset der Lars og Gunvor Bjørsvik budde. No bur dei i nabohuset i Vaksdalsgarden, hjå Elisabeth

sine foreldre, men planen er å kunne feire jul i eige hus.

Kjartan har arbeidd med prosjektet Kraft for fattige, der han har vore med på å så tanken om at lokalbefolkinga skal ta del i kraftproduksjonen, slik at dei både kan få elektrisk kraft sjølv, og inntekter av kraftsal. Elisabeth har vore heime, men har også arbeidd som lærar. Ho har teke seg av studentar, undervist norske born i norsk, undervist i Kathmandu International Study Center og jobba frivilleg ved Early Childhood Education Centre, som kursar føreskulelærarar.

Kva ser de, når de ser attende på tida i Nepal?

- Tilhøva i Nepal har gjort arbeidet vanskelegare enn me hadde ynskt, så me synes ikkje me hadde nok framgang i arbeidet. Me måtte tilpasse oss dei

rådande tilhøva i landet, mellom anna med styresmakter som ikkje tok avgjerdsler.

Kjartan seier han fekk viktig kontakt med menneska på arbeidsplassen, og kunne vere til hjelp for medarbeidarane sine der. Det har vore viktig for han å få vere med på byggje menneske, ikkje berre ting.

Og korleis er det å kome heim?

- Det kjennes rart. Me har nok ikkje landa heile ennå, mellom anna då me gjekk rett i gang med arbeid på huset. Ikkje minst var det rart for borna, som skulle ta farvel med venene sine. Ole-Johan lengtar attende til venene sine der, det merkar me.

- Det har blitt som å slå av ein brytar, brått bur me no i Noreg. Me hadde lyst til å vere vidare i Nepal, men hadde samstundes bestemt og førebudd at me skulle avslutte der no. Og det heldt me



Kjartan og Elisabeth Gullbrå utanfor huset på Vaksdal.

oss til. Men for alle saman var det sårt å ta farvel med landet, ikkje minst med venene der.

Kjartan er utdanna sivilingeniør, og er allereie i arbeid hjå BKK Produksjon på Kokstad, avdeling Prosjekt og Teknologi. Der arbeider han mellom anna med planlegging av vasskraftverk. Og gjennom BKK sitt medeigarskap har han jamvel kontakt med eit kraftselskap i Nepal! Elisabeth er utdanna lærar, og har meldt seg som vikarlærar på skular i og utanfor kommunen. Dei to yngste borna går i barnehage, medan Ole-Johan har byrja i 3. klasse på Vaksdal skule.

Som dei tilsette sin representant i Landsstyret, vil Kjartan framleis ha tett kontakt med Tibetmisjonen. Elles vil dei nytte den nærmaste tida på å kome seg i hus og finne ut av sin nye kvardag. Etter kvart reknar dei og med å vere meir aktiv i det kristelege arbeidet på Vaksdal, slik dei var før dei drog til Nepal.



Søndagsskule på Vaksdal

Etter nokre år i dvale, startar no søndags-skulen på Vaksdal opp att. Det vert samlingar **annankvar søndag kl 11.00 i Vaksdal bedehus** (kjellaren), og første samling er søndag 28. september. Aktuell aldersgruppe er 4 - 9 år, med høve til å strekkje det i begge endar. Vi vil bruke Søndagsskuleforbundet sitt opplegg, Sprell Levende, og trur dette kan vera eit godt tilrettelagt opplegg for å nå fram til borna.

Foreldre, besteforeldre, sysken, tanter eller onklar er velkomne til å følgje borna og vera med på søndagsskulen. Vi håper dette er eit interessant tilbod i vaksdalsbygda, og ynskjer velkommen i bedehuset til søndagsskulen.

Følgjande samlingar er planlagte for haustsemesteret 2008:
28. september, 12. oktober, 26. oktober, 9. november, 23. november, 7. desember.

Med helsing
Lena Mjelde, Kristin Audestad
og Jostein Rene



Gamle gravminner

Når det vert nytta gamle graver til ny gravlegging, kan gravminnet ofte ikkje nyttast lengre. Dei ansvarlege for grava eig gravminnet, og har ansvaret for å fjerne det frå kyrkjegården. Til vanleg vert dette gjort av dei som leverer nye gravminne. Kyrkjeverja kan likevel syta for bortkøyring dersom det vert gjeve melding til kyrkjekontoret.


Om kransar og blomar under gravferda

Mange spør om kva som er praksis når det gjeld pynting etter gravferda med blomar og kransar som fylgjer kista. Me har etter kvart innført ein regel som går ut på at alle blomar og kransar som vert lagt i grava under seremonien vert verande nede i grava. Kransar eller blomar som vert lagt på kanten av grava vil verte lagt oppå bakken til pynt etter at grava er oppfyllt. I nokre høve ynskjer pårørande å henta opp at ein krans som dei vil pynta grava med, og får hjelp til det.

Velkomstfest
for familien Gullbrå
i Vaksdal bedehus
onsdag 10. september
kl. 18.00-20.00

- Andakt ved Kjartan
- Song av Kilden
- Enkel servering
- Variert program
- Kollekt





Den norske kyrkja

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Ledige stillingar:

Fagarbeidar til vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar i Vaksdal kommune

Stillingsstorleik 50%. Stillingsstorleiken kan verte auka.

Stillingsomtale:

Vedkomande skal i samarbeid med kyrkjeverja utarbeide og fylgje opp vedlikehaldsplanar for kyrkjene og kyrkjegardane. Stillinga medfører praktisk utføring og oppfølging av vedlikehald for kyrkjer og kyrkjegardar i kommunen.

Krav til søkeren:

Søkeren må kunne arbeide sjølvstendig, og disponere eigen bil i arbeidet. Søkeren bør ha fagbrev innanfor anleggsgarunar-, tømrar- eller målarfaget, eller ha relevant praksis. Det vert lagt vekt på at søkeren er positiv og hjelpsam i møtet med våre brukarar.

Andre vilkår:

Løn og tillegg etter avtale.
Tilsetjing snarast råd.

I tillegg er følgjande stillingar ledige:

Stamnes: Kyrkjegardsarbeidar

Eidsland: Kyrkjetenar

Flatekval: Kyrkjegardsarbeidar

Flatekval: Kyrkjetenar

Stanghelle: Kyrkjegardsarbeidar

Nokre av desse stillingane kan kombinerast. Kyrkjetenarstillinga krev at ein er medlem i Den norske kyrkja.

Desse stillingane vert gjort opp etter timer. Løn og tillegg etter avtale. Tilsetjing snarast råd.

Ynskjer du å vite meir om desse stillingane?

Stillingane som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar kan gjerne kombinerast til ei stilling. Å vere fleire til å dele på stillinga som kyrkjetenar vil og vere aktuelt. Kanskje 2-3 personar vil ta på seg å gjere arbeidet, ettersom det høver for ein?

Du kan søkje på både stillingane, eller den eine. Du kan gå saman med andre om å søkje, eller foreslå nokon som du meiner dette arbeidet kan høve for. Omfanget av arbeidet kan drøftast, slik at me får ei løysing som er god.

Desse stillingane er viktige for kyrkjelyden, og viktige for kyrkja. Skadar og manglar som oppstår må rettast på så snart som mogleg. Utstyr må vedlikehaldast, ljospærer skiftast. Altarvin, altarljos, snømåking og oppvarming må takast hand om på ein forsvarleg måte. Dersom me ikkje har personar til å ta seg av desse oppgåvene får me problem med å gjennomføre dei tenestene me har ansvar for.

Ti gonger i året er det gudsteneste i Eksingedalen kyrkje og i Eidslandet kapell. I tillegg kan det vere nokre konserter og andre arrangement. Talet på gravferder varierer.

Utdrag fra stillingsomtalar:

Kyrkjegardsarbeidaren har ansvar for klipping av plen og hekk, og rydding og stell på gravplassen. Vedkomande må vere fylt 16 år, og kunne arbeide sjølvstendig.

Kyrketenaren syter for at kyrkja er gjort klar for bruk når det er gudstenester, gravferder og vigslar.

Søkjar til kyrkjetenarstillinga må vere medlem av Den norske kyrkja.

*Ta gjerne kontakt med
kyrkjeverje Svein Tøsse, tlf. 56 59 39 21,
for fleire opplysningar om stillingane.*

Søknad kan sendast til Kyrkjeverja i Vaksdal, Pb.113, 5721 Dalekvam.

Friluftsgudstenester i sommar

Kyrkja har verkeleg flytta ut i Guds natur i sommar! Det er alltid risikabelt å tillyse gudsteneste utandørs, jamvel om sommaren, men i år var det berre Vassbakkstemna som måtte flyttast innomhus.




Det vart endeleg godt nok ver til å ha gudsteneste i Messehagen på Dale, og nærmere 130 menneske var samla der. Konfirmantane vert presenterte, Sjømannskyrka sine folk var på plass, det same var Torsdsagsklubben. Her ser me Odd Dyvik som delar ut gudstenesteark før gudstenesta. Han er med i kyrkjelydsutvalet for Dale sokn, men var der og som representant for Sjømannskyrka, der han er administrasjonsjef.



Turen til Gamle Brekkestølsmurane var den lengste som har vore til ei stølsgudsteneste i Bergsdalen. Her er kyrkjelyden samla innanfor dei gamle murane. Foto: Per Småbrekke

Jubileumsboka KYRKJA I DALEN




KYRKJA I DALEN
NESHEIM KIRKE 1908–2008

vert å få kjøpt under
jubileumsfesten
14. september.
Boka kan seinare kjøpast her:
Eksingedalen Nærbutikk
Kyrkjekontoret for Vaksdal
Medlemene i Kyrkjelydsutvalet
Pris: Kr. 250,-

Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå
Kirkens SOS kan du bidra
til at andre får det betre,
samstundes som du får
perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på www.kirkens-sos.no eller ring 55 32 58 45

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

NYE DALE



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

SÆTERDAL
ELEKTRO

Me leverer alt innan elektrikar-
tenester, også varmepumper.
Tlf. 56 59 43 00

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no



VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Her er det plass for di annonse!

Pris kr 3,- pr. mm.

Visste du at...

Det er reglar for storleik og utforming av gravminne? Breidda må vere under 85 cm, vekta under 300 kg, og det skal vere sikra med 2 boltar av rett type.

Desse reglane skal leverandøren kjenne til, og det skal søkjast kyrkjeleg fellesråd om godkjenning av kvart einskilt gravminne.

Planting på grava

Det er reglar for kor mykje plass ein har til rådvelde for planting på grava. Det skal ikkje plantast bak eller på sida av gravsteinen. Ein kan opparbeide eit blomebed som er like breitt som gravsteinen, og går intil 60 cm ut frå gravsteinen, målt frå baksida av steinen. Dersom ein vil ha ramme rundt blomebeltet må denne ligge like lågt som bakken. Elvesteinar som innramming er ikkje tillate.

8 mnd regelen:

Hugs at det ikkje er tillete å montere gravminne før tidlegast 8 mnd etter gravlegging.

Dette er fordi massane i grava vil setje seg, og gravminnet kan velte. I tillegg må gravminnet takast bort ved oppfylling og jamning av grava.

Kostnadene med flytting av gravminne som er sett opp før fristen må betalast av festaren.

Namn på gravminne:

«Kirkelig fellesråd kan gi tillatelse til at navn på person påføres gravminne på en eksisterende grav et annet sted enn der vedkommende er gravlagt. Navnet må fjernes fra det opprinnelige gravminnet.»

Tidlegare har det ikkje vore lov å føre opp namn på eit gravminne utan at vedkomande er gravlagt i den grava som gravminnet står på. No kan Vaksdal kyrkjelege fellesråd ved Kyrkjeverja gje løyve til å flytte namn frå eit gravminne til ei anna. Dermed kan ektefeller som er gravlagte på kvar sin stad på kyrkjegarden, få eit felles gravminne som står på den eine av gravene.

Ta kontakt med kyrkjeverje Svein Tøsse dersom du har spørsmål om dette. Hugs at det må søkjast om løyve, av di ei slik endring må registrerast i våre arkiv.

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

29.06.2008

Felicia Dahle

29.06.2008

Ingri-Sabrina Dalseid Gjøsund

Bergsdalen

31.08.2008

Ida Hoddevik Fosse

Nesheim

17.08.2008

Elias Bergo

Stamnes

13.07.2008

Emma Linnea Mo Lilletvedt

Vaksdal

06.07.2008

Håvar Herfindal

06.07.2008

Tengel Helle

17.08.2008

Marius Høvik Olsen

17.08.2008

Kevin Bertinius Kydland Johnsen

31.08.2008

Kristoffer Holme Birkeland

31.08.2008

Nora Faugstad-Kaldestad



VIGDE

Vaksdal

21.06.2008

Kari Vaksdal og Rune Faugstad

02.08.2008

Eva Marie Lid og Ove Magne Alvheim

23.08.2008

Natalija Jakovcika og Rolf Sagstad

23.08.2008

Kjersti Susanne Sundsdal og Per Hisdal

30.08.2008

Birthe Eriksen og Anthony Milson



DØDE

Dale

16.06.2008

Adolf Wolff f. 1916 (gravlagd Voss)

22.06.2008

Martha Anthun f. 1909 (gravlagd Bolstadøyri)

11.08.2008

Eivind Dahle f. 1923

20.08.2008

Birger Samuelsen f. 1928

Eksingedalen

01.08.2008

Jakob Farestveit f. 1926

05.08.2008

Audun Nese f. 1930

Stamnes

17.06.2008

Ingolf Gammersvik f. 1913

21.08.2008

Ingebjørg Leiren f. 1908

Eidsland

11.07.2008

Ingolf Wiik f. 1923

Vaksdal

08.06.2008

Nils Egil Thunes f. 1928

23.07.2008

Olaug Fosse f. 1943

VELKOMEN TIL KYRKJA

DALE

Sundag 07.09 17.s.e. pinse Luk. 7,11-17

Stanghelle bedehus 16:00 Familiegudsteneste,
Frode Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

Sundag 21.09 19.s.e. pinse Mark. 10,17-27
Dale kyrkje 16:00 UNG MESSE, Edvard Bø og konfirman-
tane. Vitjing fra Norsk Lærarakademi.

Sundag 05.10 21.s.e. pinse Mark. 10,13-16
Dale kyrkje 18:00 Høgmesse, nattverd, Edvard Bø

Sundag 19.10 23.s.e. pinse Matt. 18,15-20
Dale kyrkje 11:00 Familiegudsteneste, dåp, Frode Kvamsøe

Sundag 26.10 Allehelgensdag Matt. 5,13-16
Dale kyrkje 11:00 Høgmesse, nattverd, Frode Kvamsøe,
50- og 60-årskonfirmantar

BERGSDALEN

Sundag 12.10 23.s.e. pinse Matt. 18,15-20
Bergsdalen kyrkje 11:00 Familiegudsteneste/hausttakke-
fest, nattverd, Frode Kvamsøe

EKSINGEDELEN

Sundag 05.10 21.s.e. pinse Mark. 10,13-16
Eksingedalen kyrkje 11:00 Familiegudsteneste, nattverd,
Edvard Bø, konfirmantpresentasjon

NESHEIM

Sundag 14.09 18.s.e. pinse Joh. 8,31-36
Nesheim kyrkje 11:00 Jubileumsgudsteneste,
biskop Hagesæther, fung. prost Molde, Kvamsøe og Bø.
Song ved born fra Eksingedalen.

Sundag 12.10 22.s.e. pinse Matt. 11,25-30
Nesheim kyrkje 15:00 Familiegudsteneste, nattverd,
Frode Kvamsøe

STAMNES

Sundag 07.09 17.s.e. pinse Luk. 7,11-17
Stamnes kyrkje 11:00 Familiegudsteneste, Edvard Bø,
konfirmantpresentasjon

Sundag 28.09 20.s.e. pinse Joh. 9,1-7 og 35b-38
Stamnes kyrkje 19:00 Høgmesse, nattverd, Arve Hansen
Haugland. Vitjing fra Norsk Lærarakademi

Sundag 19.10 22.s.e. pinse Sal. 19,2-7
Stamnes kyrkje 16:00 Familiegudsteneste, Edvard Bø,
4-årsbok

EIDSLAND

Sundag 02.11 Bots- og bededag Luk. 13,23-30
Eidsland kapell 19:00 Høgmesse, nattverd, Ivar Molde

VAKSDAL

Sundag 14.09 18.s.e. pinse Joh. 8,31-36
Vaksdal kyrkje 19:00 Høgmesse, nattverd, Edvard Bø

Sundag 28.09 20.s.e. pinse Joh. 9,1-7 og 35b-38
Vaksdal kyrkje 16:00 UNG MESSE, Frode Kvamsøe og
konfirmantane

Sundag 12.10 22.s.e. pinse Sal. 19,2-7
Vaksdal kyrkje 11:00 Høgmesse, nattverd, Edvard Bø,
50-årskonfirmantar

Sundag 26.10 Bots- og bededag Luk. 13,23-30
Vaksdal kyrkje 16:00 Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe,
4-årsbok

Barnelaget på Dale

Vi startar oppatt
torsdag 11. september kl 17.00-18.00.
Samling annakvar torsdag.
Stad: Dale bedehus. Alder: frå ca 3 år.

STANGHELLE/DALE BARNESONGKOR

øver i Dale kyrkje annan kvar onsdag.
Øvingstid 14.10-15.10 (etter skuleslutt).
Tilbodet er for born frå ca. 8 år.

STAMNES BARNEKOR

øver i Stamnes bedehus
torsdagar kl. 17.15 ut sept.
onsdagar kl 17.15 frå okt.
Tilbodet er for born frå 4 år og oppover.
Første øving etter ferien er: **4.september.**
Velkommen!

UTDELING AV 4-ÅRSBOK

Stamnes: 19. oktober (NB!) kl. 16.00
Vaksdal: 26. oktober kl. 16.00

NON – STOP BØNEHELG

19. - 21. september i Dale bedehus